



Arkivbilde Rosendal / Uskedal J17

**Rosendal/Uskedal (R/U) reiste til Askøy tidleg laurdag morgon for å møte Askøy Nordsiden/Appolo som ligger nedst på tabellen med 0 poeng så langt denne sesongen. Været var ikkje det beste, det var vind og det regna på tvers frå alle kantar, surt å kaldt både for dei som spelte og dei som såg på.**

R/U tok kommando over kampen med ein gong, på ein bane som såg ut som den var laga tidleg på 80 talet med betong og litt filt oppå. R/U hadde fleire sjansar tidleg i omgangen men det skulle gå 9 min og fleire cornerar før ballen satt i mål. Målskorar var Thea. R/U trykker på og får mange cornerar i denne perioden 6-8 stk. på de 15 første minuttane av omgangen.

Ballen blir spelt opp på Ina, ho tar ein fin draging og avsluttar klinsj i hjørna og det står 2-0 til R/U. Bare 3 min seinare får R/U ein ny corner og Lene skrur ballen rett i mål. To minutt seinare fyrer Silje av et skot som keeper må gje retur, Ina plukkar opp og det står 4-0 til R/U etter spelt 20 minutt av første omgang.

Etter dette har både Hanna og Ida Marie sjansar til å lage mål, men ballen går rett utanfor for begge to. Det er R/U som til dei grader styrer denne kampen i vinden (medvind for R/U). Norsiden Askøy har vel ikkje hatt ein reel målsjanse så langt i kampen.

Etter 35 minutt er det eit fint veggspel mellom Silje og Ina, som Silje set i mål. Kort tid etter fyrer Ina laus frå 16 meter og fullfører sitt hat trick og 6-0 til R/U. Ina skulle få sette ein ball til i mål før pause med ein innøvd variant på corner, men dommaren annullerer målet, då han miner ballen har vert over «døddlinja».

R/U går ut i 100 i 2. omgang og det er utruleg at det ikkje kjem mål før det er spelt 53 min. Då er det Ina som igjen kjem åleine med keeper og trillar ballen elegant i hjørne til 7-0 for R/U. Etter 56 minutt blir igjen Ina spelt fint gjennom med pasning frå Emma, som blir Ina sitt 5. mål for dagen og det 8'ande for R/U. Kampen er vel i realiteten over på dette tidspunktet. 8 minuttar seinare kjem Emma på skothold og det står 9-0.

Etter 74 spelte minuttar kjem Thea åleine med Keeper og lobbar elegant over keeper og setter det 10'ende målt for R/U.

Etter dette roar kampen seg litt, men det skulle komma eit mål til frå R/U og sjølvstøtt er det Ina som igjen snappar ballen på midtbanen, går åleine med keeper og trillar ballen enkelt i mål. Ina skårar dermed dobbel hat trick i denne kampen.

Etter denne kampen ligg R/U på toppen av tabellen med 10 poeng og 4 spilte kamper. Det ser lyst ut for laget, men det er mange kamper igjen og mykje kan skje fram øve. Til kampen mot Bergen Nord 2 den 6. oktober er blant annet Ina, Guro og Ida Marie ikkje tilgjengeleg.

Laget mot Nordsiden-Askøy:

- May Beate Brakstad
- Eli Omvik
- Amalie Hovden
- Marte Bøyum

- Lene Furdal (1 mål)
- Hanna Tvilde
- Ida Marie K. Eidsvik
- Guro Leganger
- Thea S. Taranger (2 mål)
- Silje Soldal (1mål)
- Ina T. Sandvik (6 mål)

Innbytarar:

- Camilla Ripel
- Lisa Jonetta Ølvestveit
- Emma Øen (1 mål)
- Maria Hatteberg
- Ingeborg Flatebø

Tekst: Tor Gundersen / Erlend Bøyum  
Foto: Arkivbilete Rosendal / Uskedal J17  
Nett: Hans Ordin Østebø